

## ÅRSMELDING 2008

Tillitsvalde i 2008-2009 har vore:

**Styremedlemer:**

Beint Foss, Tveit Historielag, leiar  
Anders Auen Grimnes, Vestre Moland og Lillesand Historielag, nestleiar  
Ellen Ledaal Gjertsen, Arendal Historielag, styremedlem  
Hallvard Tveit, Valle Sogelag, styremedlem  
Ragnhild S. Larsen, Flekkefjord Historielag, styremedlem  
Jan Arild Andersen, Stokken Historielag, styremedlem  
Turid Bjørkenes, Holum Historielag, styremedlem fram til november -08, då erstatta av Olaf Ingebretsen  
Inge Augland, Torridal Historielag, styremedlem

**Varamedlemer:**

Helge Wiig, Holum Historielag  
Kristian Sundtoft, Vestre Mol. og Lilles. Hist.lag  
Liv Kirsten Rølland, Tveit Historielag  
Kari M. Bruli, Kvinesdal Historielag  
Olaf Ingebretsen, Vennesla Historielag  
Bernt Gautestad, Evje og Hornnes Sogelag  
Sveinung Lien, Tvedstrand Historielag  
Jan A. Ommundsen, Tromøy Historielag

**Valkomiteen:**

Ellinor Lundberg, Arendal  
Jørdis Hodnemyr, Vennesla  
Olav Arne Kleveland, Evje  
Per T. Knudsen, Kristiansand

**Revisor:**

Ettersynet av rekneskapen er gjort av fylkesrevisjonen i Vest-Agder

**Skrivar:**

Borghild Løver, Lindesnes

### Verksemda i laget:

**Styret**

Det har vore 3 styremøte og 18 saker til handsaming i 2008. I tillegg har leiaren og skrivaren hatt møte annakvar veke heile året i snitt.

**Skrivar**

Borghild Løver har vore skrivar tilsvarende 20% stilling.

**Kontorlokale og arkiv**

Lagskontoret har i 2008 vore i tredje høgda i Mållagsbygget midt i Kristiansand sentrum. Medlemene i historielaget har alltid kunna nå skrivaren per telefon dag som kveld og tinge bøker. Hovudlageret av bøker og årsskrift har vore på Statsarkivet i Kristiansand, dvs. på Gimlekollen.

**Årsmøtet 2008**

Årsmøtet vart halde i "Majorstuen" på Evjemoen laurdag 12. april 2008. Det var møtt fram om lag 50 direktemedlemer og lokallagsrepresentantar. Nils Voje Johansen heldt føredrag om den tre år korte gullgruvesoga til Arendal. Torbjørg Rysstad og Maria Haugå framførte tradisjonsrike feleslåttar og Svein Kleivene med muntre historier. Turnemnda hadde førebudd seg godt til årsmøtet, og presenterte 4 ulike turar som årsmøtedeltakarane skulle setje opp i prioritert rekkjefylgje.

**Medlemsutvikling**

Agder Historielag hadde 840 medlemer den 31.12.2008. 35 av desse var lokallag.

**Årsskriftet 2008**

Årsskrift nr. 84 vart sendt ut like føre jul og var på 160 sider. Årsskriftet vart trykt i 1400 eksemplar. Tema denne gongen var: sjøfart, ord/uttrykk, krigshistorie og folkeminne. I redaksjonskomitéen sat Beint Foss, Johnny Haugen, Leonhard Jansen, Marie T. Sørensen og Borghild Løver.

## Egde

Medlemsbladet EGDE kom ut med to nummer i 2008. Redaksjonen for dette bladet var Borghild Løver. Bladet vart trykt i 1100 eksemplar og sendt ut til alle medlemene.

## Internettseite

Internettseida til Agder Historielag har vorte fullstendig oppdatert i 2008 ved hjelp av eit godt samarbeid mellom Tormod Engebu og skrivaren. Sjå [www.agderhistorielag.no](http://www.agderhistorielag.no).

## Sturla Ertzeid-dvd

Ved hjelp av tilskot frå Vest-Agder fylkeskommune fekk Agder Historielag produsert ein dvd av forteljaren Sturla Ertzeid, filma av Lars Emanuel Egeland og Øystein Løland. Dvd'en vart lansert i mars, ein dvd som er eit vellukka døme på at historie av i dag er eit like interessant prosjekt som historie for hundrevis av år sidan.

## Løylandprosjektet

Boka om folkeminnesamlaren Jon Løyland vart lansert av redaktøren Leonhard Jansen den 15. oktober på Revsnes Hotell, og gjorde garantert stor suksess under treet som flotte julegåver. Utdrag frå boka vart dagleg presentert i avisene Setesdølen føre jul.

## Agders Historie

Det er kome ut fire band av Agdersoga:

- 1920-1945 (Kjell Olav Masdalén, 1991, 2000 eks.)
- 1840-1920 (Bjørn Slettan, 1998, 2000 eks.)
- 800-1350 (Torbjørn Låg, 1999, 2000 eks.)
- 1641-1723 (Ingeborg Fløystad, 2007, 2500 eks.)

Det femte bandet (1350-1640), som Stein Tveite skriv på, kjem vonleg i 2009/2010.

I komitéen for Agdersoga sit Stein Tveite, Bjørn Slettan, Gustav Sætra, Berit Eide Johnsen og Rune Holbek. Anne Tone Aanby er biletredaktør.

## Annan aktivitet/samarbeid

Agder Historielag var til stades på Agderseminaret på UiA i Kr.sand 10. og 11. okt. I tillegg er historielaget sterkt medverkande til realiseringa av ei eiga brukargruppe av Bentsens hus (Kronprinsens gt. 59) og har hatt nokre møte saman med kommunen og dei interesserte i året som har gått.

Turnemnda skipa til tur til Nes jernverk sundag 28. september, som vart ein stor suksess med 30-40 frammøtte.

## Økonomi

Medlemskontingenten for 2008 var på 250,- kr., altså auka frå året før, noko som har gjort sitt til at det ikkje vart noko underskot i år. Vest-Agder Fylkeskommune gav eit driftstilskot på 100.000 kr., i tillegg til eit tilskot til Agdersoga på 50.000 kr. Frå Aust-Agder Fylkeskommune kom det 0 i driftstilskot og 50.000 kr. til Agdersoga. Rekneskapen viser eit overskot på 95.666 kr i 2008.

På lager har me ståande ei mengd bøker som sjølvsagt utgjer ein stor verdi, men som ikkje er synt i jamvektrekneskapen. Desse vert talde ved flytting av kontoret. For fleire detaljar, sjå rekneskapsoversyn og revisjonsmelding.

## Oppsummering

Historielaget har halde ein høg aktivitet òg i 2008. Nettsida er vorten oppdatert, det er gjort digitalisering av årsskrifta fram til 1952. Representantar frå styret har vore til stades på jubileumsfesten til Vennesla Historielag og på skipingsmøtet til eit nytt historielag i Audnedal. Beint Foss er dessutan varamedlem til styret i landslaget.

I tillegg har me hatt fleire viktige samarbeidspartnerar som me ynskjer å rette ein særskild takk og helsing til:

Kristiansand kommune, Posebymarknaden, Christianssands Byselskab, Fortidsminneforeningen og

Wergelandselskapet, i tillegg til Aust-Agder Kulturhistoriske Senter, Statsarkivet og ikkje minst Vest-Agder og Aust-Agder fylkeskommune.

Kristiansand, januar 2009